



Voss herad



SMIL  
MØTEPlass

LIVSKVALITET

SAMVÆR

**FRIVILLIG**

TRADISJON  
FELLESSKAP  
PROFESJONELLE

STERK  
NYTTE

FRIVILLIG  
JA GØY  
TIVITET KULTUR

STYRKE  
SAMHALD

GLEDE  
LEIK  
OMSORG

KAFFI INNSATS  
KJÆRLEIK  
HÅP

FRITID MED MEINING



STOLTHEIT  
VENSKAP  
SAMAN  
VIKTIG

VERDIFULLT

INSPIRASJON

VERDIFULLT

MEININGSFYLT

FRITID  
RELASJON  
LØYSINGAR

ALLE  
TID  
AKTIV

FELLESKAP  
DUGNAD

FRITID MED MEINING

**ENGASJEMENT**

ROLLEMODELL  
IDRETT

KE  
RESPEKT

VILJE  
FELLESKAP

DUGNAD

FRITID MED MEINING

# FRIVILLIGPOLITIKK

Voss herad (2024 – 2036)

# INNHOLD

INNLEIING .....	2
BAKGRUNN .....	3
STATUS .....	4
ROLLER OG ANSVAR I ARBEIDET .....	5
VOSS HERAD .....	5
FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR .....	5
STØRRE SAMARBEIDSPARTAR .....	6
MÅL OG SATSINGSOMRÅDE .....	7
MÅL .....	7
SATSINGSOMRÅDE .....	7
1. SAMSPEL .....	8
2. RESSURSAR .....	8
3. MØTEPLASSAR .....	9
4. FRIVILLIG i FRAMTIDA .....	9
OPPFYLGING .....	10
VEDLEGG .....	10
NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR .....	11

## INNLEIING

Voss er ei stolt kulturbygd med eit variert og godt lagsliv, og det går gjetord om arrangørbygda Voss langt utover heradet sine grenser. Utan dognadsinnsatsen hadde bygda garantert vore mindre mangfaldig, spenstig og skapande.

Voss som dognadsbygd har lange tradisjonar, stor kapasitet og opererer på nesten alle samfunnsmiljø. Dei mange frivillige laga har stort engasjement og kompetanse som bidreg til eit variert aktivitetstilbod, året rundt. Dette hadde ikkje vore mogleg utan alle dei som brukar fritida si på uløna arbeid for andre; dei frivillige ♥

Det skal opplevast meiningsfullt å driva frivillig arbeid og då må samspelet med heradet vera enkelt, gjennomsiktig og oversikteleg.

Voss herad skal stimulera til auka frivillig engasjement og aktivitet. I eit godt samspel kan me skapa, utfordra og utvikla bygda for framtida. Det gjev mening å gjera noko for andre.

Tusen takk til alle som bidreg for fellesskapet og velkommen til fleire som vil yta ein innsats - saman kan me skapa ei betre bygd.

Ingen kan gjera alt, men alle kan gjera noko.



## BAKGRUNN

All samfunnsutvikling i Voss herad er tufta på FN sine berekraftsmål. I arbeidet med frivillig lagsliv er følgjande berekraftsmål særleg viktige:



I [komuneplanen sin samfunnsdel](#) er samarbeidet mellom herad og frivillig lagsliv fyrt og fremst kopla saman med folkehelsearbeidet vårt. Her står: *Heradet skal ta ansvar for eit aktivt samarbeid med næringsliv, frivillige organisasjoner, grendalag og grendautval for å sikra at alle innbyggjarane, også alle som treng særskild tilrettelagde aktivitetar, kan delta i meiningsfulle aktivitetar.*

**Attraktive Voss:** Kulturygda, idrettsbygda og festivalbygda Voss skal vidareførast, styrka merkevara Voss og skapa bu-lyst, med positive ringverknadar for Voss som attraktivt regionsenter, og heilårs reiselivsmål. Verdien av frivillig innsats i heradet skal verdsætjast og vidareutviklast i samarbeid med dei kommunale tenestene.

**Inkluderande Voss:** Voss skal også vera ein stad der innbyggjarane kjenner seg inkludert. Innbyggjarane våre skal oppleva tilhørsle til nærmiljøa og lokalsamfunnet, gjennom sosiale nettverk og bruer mellom dei, som bidreg til ein kultur prega av openheit, tillit og tryggleik.

Voss herad skal ha ei heilskapleg tilnærming til arbeidet med frivilligheit og Frivilligpolitikken vil difor vera kopla til eit mangfold av andre kommunale planar.



## STATUS

I dag er det om lag 300 frivillige lag og organisasjonar i Voss herad. Det er eit stort spenn i dei ulike aktørane på frivilligfeltet. Dei er ulike i organisasjonsform, oppgåver, ansvar og roller. Uavhengig av organisasjonsform bidreg frivillig arbeid til kompetanse, læring, inkludering og gjev folk i alle aldrar høve til å møtast, engasjera seg og vera ein del av eit fellesskap.

Den frivillige innsatsen er svakt aukande etter pandemien. Me ser ein auke i at fleire engasjerer seg som privatpersonar og ikkje som representant for ein organisasjon. Enkelte medlemsorganisasjonar opplever fråfall, andre vekst. Rekruttering av medlemer generelt og medlemer til verv vert sett på som utfordrande av mange organisasjonar.

Me vert stadig fleire eldre som kan bidra både som frivillige, eller sjølv ha behov for frivillig hjelp og innsats. Frivilligkeit kan redusera einsemd og styrka aktivitet og fellesskap.

Mange frivillige organisasjonane har opplevd tida etter koronapandemien som utfordrande, men me ser no at deltaking i frivillighet på landsbasis er tilbake på same nivå som før pandemien<sup>1</sup>.

Heile 64% av befolkninga har gjort ein frivillig innsats dei siste 12 månadane. Dette er ein nedgang frå 2020, men ein auke frå 2022.

Det viser seg at aldersgruppa frivillige mellom 30-59 er tilbake på nivået frå 2020, medan den yngste og den eldste aldersgruppa deltek mindre samanlikna med før pandemien.



### VISSTE DU AT...

- **78%** av befolkninga er medlem i minst ein organisasjon, og **48%** er medlem i minst to organisasjonar.
- Årleg vert det utført ulønna frivillig innsats tilsvarende **142.000** årsverk eller **78** milliardar kroner.
- Kvar **7.**vaksne har uløna omsorgsarbeid (mest i aldersgruppa 45-66 år).
- I 2023 var det menn i aldersgruppa 45-59 som bidrog mest med frivillig arbeid. Idrettsorganisasjonar og lokalmiljø er type organisasjonar nordmenn brukar mest tid på.
- Inntektskjelder til frivillige lag og organisasjonar er **45%** frå hushaldningar, **27%** statlege **17%** kommunale og fylkeskommunale midlar og **12%** frå private aktørar.
- **42%** av alle som ikkje gjer ein frivillig innsats, kan tenkja seg å gjera dette for ei sak dei er opptatt av.

<sup>1</sup> [Frivillighetsbarometeret-2023-pdf.pdf \(amazonaws.com\)](https://frivillighetsbarometeret-2023-pdf.pdf)

## ROLLER OG ANSVAR I ARBEIDET

Skal me lukkast i arbeidet med å styrka samskapninga og realisera satsingar, mål og tiltak i frivilligpolitikk for Voss herad lyt herad, lagsliv og lokalt næringsliv vera bevisst eigne roller og ta ansvar.

### VOSS HERAD

Voss herad skal stimulera til og leggja til rette for frivillig arbeid. Heradet skal vera ein samlande samarbeids- og diskusjonspartner for dei frivillige organisasjonane og slik styrka det frivillige arbeidet.

Voss herad skal ha oversikt over frivilligheita på Voss og nytta dei tilboda frivilligheita har, framfor å etablera eigne tilbod drivne av frivillige. Heradet skal ikkje konkurrera med frivilligheita på område som det er naturleg at frivilligheita har ansvar for, men heller vera ein støttespelar og fagleg rådgjevar. Tilskotsordningar i Voss herad skal vere opne og transparente, og støtta opp om Frivilligpolitikken.

Voss herad skal vera bevisst på kva rolle den frivillige innsatsen skal ha i dei profesjonelle tenestene og ha ei tydeleg rolleforståing mellom den frivillige og den profesjonelle utøvaren. Det skal utarbeidast samarbeidsavtalar med organisasjonar som Voss herad har eit økonomisk samarbeid med slik at forventningar, roller og organisering av arbeidet vert tydeleg.<sup>2</sup>

### FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR

Frivillige lag og organisasjonar i Voss herad har ei sjølvstendig rolle og deira arbeid skal ikkje vera erstattning for lovpålagte tenester. Frivillige er kulturberarar og kulturformidlarar og skapar aktivitet i lokalsamfunnet. Dei skal vera uavhengig, mangfaldig og tilgjengeleg for alle.

Det er eit stort spenn i dei ulike aktørane på frivilligfeltet. Det vert ofte skilt mellom frivillig og ideell sektor, der ideell sektor driv profesjonelt utan mål om økonomisk profitt. Det som er felles for det frivillige lagslivet er at dei skal vera frie og uavhengige og ha ei armelengds avstand til det offentlege.



<sup>2</sup> [Oversikt over samarbeidsavtalar finn du her](#)

## STØRRE SAMARBEIDSPARTAR



### Voss kulturråd

arbeidar for å styrkja samarbeidet mellom frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss herad. Kulturrådet skal vera ein høyringsinstans og eit talerør for det frivillige kulturlivet, mot politikarar, offentlege myndigheter og organisasjonar i kulturlivet og arbeida for å betra rammevilkåra for det frivillige kulturarbeidet i heradet.

### Voss Idrottsråd

er eit fellesorgan for all idrett på Voss som er organisert i Norges Idrettsforbund (NIF) gjennom Vestland idrettskrets, og er underlagt NIF sine lover og vedtekter. Voss Idrottsråd er ein arena for samarbeid mellom organisasjonane, heradet og idrettskretsen, ein høyringsinnstans og eit talerør for idretten på Voss.

### Voss Frivilligsentral

er ein ideell organisasjon som arbeidar etter statlege styringsmål formulert gjennom forskrift for finansiering av frivilligsentralar. Voss Frivilligsentral skal ha ei tydeleg rolle som koordinator og brubyggjar mellom frivilligheita, innbyggjarane, næringslivet og kommunen.

### Voss Røde Kors

Røde Kors skal styrka lokalsamfunnet gjennom beredskapsvaktordninga og hjelpekorpsset. Voss Røde Kors gjer også eit stort og breitt arbeid knytt til integrering av minoritetar, eldreomsorg og aktivitetar for born og unge.

### Kirkens Bymisjon

Kirkens Bymisjon er ein ideell organisasjon som arbeider med menneske som strevar med kvardagen på ulikt vis. Arbeidet på Voss er i dag konsentrert om ulike arbeidsretta lågterskeltilbod for menneske med utfordringar knytt til rus og tiltak retta mot born og unge.

### Lokalt næringsliv

Frivilligheita fyller viktige funksjonar som gagnar samfunnet. Samarbeid mellom frivillig sektor og næringsliv skal bidra til å byggja opp og styrka samarbeidet til det beste for samfunnet.



## MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

### MÅL

Det skal vera enkelt å vera frivillig i Voss herad!

Frivilligpolitikk i Voss herad skal bidra til å styrka samskapninga slik at Voss er eit raust, inkluderande, mangfaldig og sosialt berekraftig samfunn.



### SATSINGSOMRÅDE


Voss herad har fire strategiske satsingsområde som er fastlagt med utgangspunkt i dagens utfordringsbilete og i samarbeid med lagslivet. Kvart satsingsområde er utforma med mål og tiltak som samla skal bidra til at me i fellesskap styrkar samskapninga slik at me får eit raust og inkluderande samfunn.

1. **samspel**
2. **ressursar**
3. **møteplassar**
4. **frivillig i framtida**



#### Kreditering foto

1: Ekstremsportveko. 2: Ingerid Jordal/ Voss herad. 3: Vossa Jazz. 4: Voss Røde Kors. 5: Osafestivalen



## 1. SAMSPEL

### Slik vil me ha det i Voss herad

Samspelet mellom heradet og frivillige skal basera seg på gjensidig respekt for kvar andre sine roller. Voss herad skal ha «*ei dør inn*» i møte med frivillige.

#### Kva gjer me?

- etablerer *Frivilligforum Voss*<sup>3</sup> – eit samarbeidsforum mellom herad og lagslivet
- legg til rette for medverknad og opne innspelsmøter ved planar og tiltak som angår frivilligheita
- har ein fast kontaktperson som skal sikra god dialog mellom heradet og lagslivet
- inngår formelle partnarskapsavtalar med ideelle organisasjonar
- kartlegg kommunale tenester sitt behov for samarbeid med frivillige
- legg til rette for at lagslivet enkelt kan synleggjera aktivitetane sine gjennom felles plattformar
- styrkar tverrfagleg samarbeid

## 2. RESSURSAR

### Slik vil me ha det i Voss herad

Gode rammevilkår er nødvendig for at frivilligheita skal veksa og utviklast. Heradet skal ha tydelege vilkår for frivillige organisasjonar og leggja til rette for frivillig innsats gjennom å tilby kompetanseheving, støtteordningar og høvelege lokale.

#### Kva gjer me?

- har føreseielege rammevilkår for faste tilskotsmottakarar på fritidsfeltet.<sup>4</sup>
- jobbar for gratis lokale til lagsliv som tilbyr fast organisert fritidsaktivitet til born og unge<sup>5</sup>
- lyser ut frie midlar som frivillige lag kan søkja på med enkle søknads- og rapporteringsskjema
- har oppdatert informasjon om tilskotsordningar på heimesida
- har krav om mangfold, inkludering og universell utforming i kommunale tilskotsordningar
- legg til rette for jamleg opplæring i styrearbeid, søknadsskriving og bruk av tilskotsportalar
- driftar og evaluerer Fritidsfondet
- har oversikt over lokale som er tilgjengelege for frivillige lag
- stiller høvelege kommunale bygg tilgjengeleg for frivillig lagsliv, aktivitetar for barn og unge skal prioriterast
- er ein støttespelar i arbeid med utvikling og vedlikehald av anlegg
- har eigen rettleiar for arrangement
- er ein samarbeidspartner for organisasjonar som nyttar naturen som arena for aktivitet
- er ein støttespelar for frivillig lagsliv i deira arbeid med vedlikehald og utvikling av anlegg

<sup>3</sup> *Frivilligforum Voss* skal vera ein møteplass for frivillige lag og organisasjonar og kommunen, eit forum for kompetanseoverføring og nettverksbygging.

<sup>4</sup> [Oversikt over fast driftsstøtte og tilskot til frivillige lag og organisasjonar](#).  
[Oversikt over tildelte kulturmidlar](#).

<sup>5</sup> Dette vil ikkje gjelda arrangement utanom normal drift som cupar, festivalar og liknande

### 3. MØTEPLASSAR

#### Slik vil me ha det i Voss herad

I Voss herad har me levande fysiske og digitale møteplassar mellom kommune, frivillig lagsliv, næringsliv og innbyggjarane.

#### Kva gjer me?

- markerer FN sin frivilligdag
- gjennomfører den årlege Frivilligdagen
- arrangerer Frivilligbørs<sup>6</sup>, eit samarbeid mellom frivillig lagsliv, næringsliv og det offentlege
- vidarefører Grøn november som fast arrangement der Vossingen sitt fotavtrykk står sentralt
- legg til rette for faste møteplassar for kontakt, kunnskapsformidling og erfaringsutveksling



Foto: Rune Sævig

### 4. FRIVILLIG I FRAMTIDA

#### Slik vil me ha det i Voss herad

Verda endrar seg og frivilligheita er i endring. I Voss herad blørmer og utviklar lagslivet seg og fleire ynskjer å delta i samfunnsvyttig innsats.

#### Kva gjer me?

- har ei målretta satsing på kompetanseheving for frivillige og tilsette i heradet
- forventar at frivillig lagsliv jobbar med inkludering, integrering og universell utforming
- lyser ut oppdrag og inngår sosialt partnarskap
- legg til rette for valfag der elevar kan gjera ein innsats for andre i skulen
- samarbeider med frivillig lagsliv om å utvikla strategiar og tiltak for rekruttering<sup>7</sup>
- lanserer Voss som kandidat til "Årets frivilligkommune" 2025

<sup>6</sup> <https://frivilligbors.no/>

<sup>7</sup> [Voss i Vekst](#)

## **OPPFYLGING**

Handlingsplan 2024 – 2028 gjev oversikt over dei tiltaka som skal prioriterast å arbeida med, for både kommuneorganisasjonen, lagslivet og lokalt næringsliv dei fire kommande åra. Handlingsplanen skal oppdaterast årleg og tiltak som skal realiserast i heradet sin regi vil verta avspeglia i økonomiplan og budsjettarbeid.

Frivilligpolitikk i Voss herad bør reviderast etter fire år og ny handlingsplan utarbeidast for perioden 2028 – 2032. Behov vert avklara i planstrategien.

## **VEDLEGG**

1. Relevante nasjonale og regionale føringar

## Vedlegg 1

# NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR

## NASJONALE FØRINGAR

«Frivillige organisasjoner bidrar til kompetanse, læring og inkludering og gir folk i alle aldre anledning til å møtes, engasjere seg og være en del av et fellesskap. Regjeringen ønsker å sikre frivilligheten god finansiering, stor frihet og en sentral plass i samfunnet.»

Lov om folkehelsearbeid §4 fastslår at kommunen skal legga til rette for samarbeid med frivillig sektor.

Rom for deltagelse – regjeringens kulturfrivillighetsstrategi

Frivilligheita – sterkt, sjølvstendig, mangfaldig – Den statlege frivilligheitspolitikken

Meld. St. 10 (2018–2019) - regjeringen.no

Frivilligheitspolitisk plattform 2019 - 2023 | Frivillighet Norge

## REGIONALE FØRINGAR

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 gjev ein felles kurs for å inkludera, inspirera og mobilisera Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Mål 4 i utviklingsplanen handlar om «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping» og her er ein av strategiane at «Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn».

Frivilligstrategi for Vestland 2021 - 2022: Det skal vera enkelt å vera frivillig i Vestland.

«Kultur bygger samfunn». Regional plan for kultur 2023 – 2035.

I Regional plan for kultur står mellom anna fylgjande om frivilligheit: «Frivilligheita er stor, mangfaldig og i endring. Og, vidare: «Frivilligheita er sentral i arbeidet med både dei økonomiske, sosiale og miljømessige berekraftsmåla. Sivilsamfunnet sine organisasjoner skapar tillit og engasjement i samfunnet i tider prega av uro og kriser. Derfor må frivillige organisasjoner og offentleg sektor styrke kvarandre gjennom forpliktande samarbeid, og i lag løfte frivilligheita som politikkområde.»

I Utfordningsrapport for Utviklingsplan Vestland 2024 – 2028 står fylgjande summert opp om frivilligheita: «Frivilligheita kan ha ei viktig rolle i å støtte opp under livskvalitet for alle, gjennom å skape sosiale møteplassar, aktivitet og verdiar. Frivilligheita er utfordra av vanskar med å rekruttere deltararar. Utvikling av frivilligheitspolitikk for å hjelpe frivillige organisasjoner og aktørar kan vere gunstig, òg for å fremme samskaping i utvikling av framtidige tenester og løysningar på samfunnsutfordringar.»